




Samansett tekst



*Julefesten nådde nye høgder
da Trygve føreslo at dei
skulle leike buss.*

Foto: Eyvind Botolfsen / Oslo museum

Mål med oppgåva

- repetere kva som kjenneteiknar ein samansett tekst
- bruke humor som språkleg verkemiddel i eiga tekstskeping

Sigmund Falch har laga artige tekstar til vanlege, gamle bilete.

De finn utdrag frå bøkene hans her:

- https://issuu.com/vigmostadbjorke/docs/sigmund_falch_utdrag_issuu
- https://issuu.com/vigmostadbjorke/docs/falcheblikk_p_kj_rleiken

Kva for ein av tekstane likar de best, og kvifor?

OPPDRA:

På digitaltmuseum.no finn de mange gamle bilete, og nokre av dei har ein lisens som tillèt fri bruk. Prøv eit søk på jul og avgrens søket til fotografi med fri gjenbruk. Finn eit gammalt julebilete og lag ein humoristisk tekst til biletet. Om de vil, kan de bruke mem-appar i arbeidet.

Tips til vidare arbeid: Still dei samansette tekstane ut i klasserommet. Kven har laga den mest humoristiske og artige samansette teksten? Gjennomfør ei klasseromskåring.